


SMS Fagråd



Skipingsdokument for Fagrådet på Sunnfjord Medisinske Senter.

Fagrådet vart skipa 25.juni 2013 etter initiativ frå huseigar Firdavegen1 AS for å fremje samhandling på Sunnfjord Medisinske Senter. SMS har frå 2014 husa eit breitt spekter av helsefaggrupper inkludert Helse Førde, Flora Kommune og private aktørar med ein brei samla kompetanse. Med geografisk samlokalisering i eit bygg aukar moglegheitene for å kunne samarbeide på tvers av faggrupper for å kunne bygge eit sterkt og samstemt fagmiljø med best mogleg tilbod av helsetenester.

Fagrådet skal vere eit støttande organ for kommunikasjon og samarbeid.

VEDTEKTER FOR FAGRÅDET VED SUNNFJORD MEDISINSKE SENTER

§1 Navn: Fagrådet, Sunnfjord Medisinske Senter i Florø.

§2 Fagrådets formål er å:

- a) Fremje samhandling mellom ulike helseaktørar og avdelingar lokalisert på Sunnfjord Medisinske Senter (SMS).
- b) Inneha kunnskap om tilbod og kompetanse tilgjengeleg på dei ulike driftsavdelingane innad på SMS.
- c) Støtte opp om og fremje prosjekt som styrker samhandling.
- d) Vere ein møteplass for driftseinhetene på SMS og sikre at alle driftseiningar kan få uttale seg og vert hørt.
- e) Vere eit forum for å ta opp spørsmål om samhandling innad på SMS.
- f) Vere eit kompetanseråd som kan uttale seg om saker.

g) Vere et forum som kan sette i gang prosjekt eller arbeidsgrupper på områder der ein ser der er behov for auka samhandling.

h) Ha kjennskap til alle arbeidsgrupper og prosjekt om samhandling på SMS og vere ein naturleg referansegruppe for alle prosjekt på SMS.

§3 Fagrådet er ei gruppe på Sunnfjord Medisinske Senter. Det er ikkje eit foretak, forening eller stiftelse. Det skal såleis ikkje registrerast i Brønnøysund registeret.

§4 Fagrådet forvaltar ingen økonomi og der skal såleis ikkje utarbeidast årsrekneskap.

§5 Fagrådet skal ha ein medlem frå kvar driftseining på Sunnfjord Medisinske Senter. Kvar hovudmedlem skal ha ein vara. Representanten skal kunne uttale seg på vegne av si driftseining til Fagrådet. Mindre driftseiningar kan slå seg saman og stille med ein felles representant. Medlemmer og vara vert innmeld for to år i gongen.

§6 Fagrådet skal ha ein leiar, nestleiar og sekretær. Desse vert innvalgt for to år. Val av nye representantar vert gjennomført om hausten. Val vert gjennomført i oddetallsår. Ved val av ny leiar, nestleiar og sekretær vert der nedsett ein valkomite.

§6.1 Rolla som leiar, nestleiar og sekretær skal gå på rullering mellom grupperingane Helse Førde, Flora Kommune og private aktørar. Nettsida til Sunnfjord medisinske senter <http://www.sms-senteret.no/> sine inndelingar for Helse Førde, Flora Kommune og private aktørar er retningsgjevande her.

§7 Medlemmene i Fagrådet får i utgangspunktet ingen økonomisk kompensasjon for sitt arbeid i rådet. Den individuelle medlem må eventuelt klargjere med sin arbeidsgjevar om dei skal kompenserast for dei timane ein brukar på arbeidet i Fagrådet.

Gjennom tilgang på prosjektmidlar er der moglegheit for noko praksiskompensasjon for medlemmer i Fagrådet som er sjølvstendig næringsdrivande.

§8 Fagrådet skal ha minst to møter i året, henholdsvis vår og haust. Leiar set årsplan for møtene. Møteverksemd utover dette er behovsprøvd. Møteverksemd skjer gjennom inkalling til møte frå leiar i Fagrådet. Møter skal ha ein agenda, møteleiar og sekretær. Innkalling skal skje med minst 30 dagar varsel. Møteinnkalling skal inneholde agendaen for møtet. Der skal førast

referat frå møtet som skal distribuerast til medlemmene i etterkant av møtet. Sekretæren er ansvarlig for referatet.

§9 Fagrådets leiar er ansvarleg for å gjennomføre møteverksemda. Ved sjukdom eller anna uforutsett fratredelse frå ansvar, skal nestleiar ta over oppgåvene.

§10 Driftseiningane og fagrådsrepresentantane står fritt til å melde inn saker som dei meiner det er behov for å ta opp. Ynskjer ein fagrådsrepresentant å ta opp ei sak på vegne av si avdeling skal representanten melde denne saka inn til fagrådsleiar som då kaller inn til møte. I etterkant av møte er dei individuelle fagrådsrepresentantene ansvarlege for å videreføre informasjon internt til sine driftseiningar.

§11 Fagrådsleiaren skal vere representert i Prosjektgruppa på SMS.

§12 Fagrådsleiar samt ein representant til frå rådet skal vere representert i Styringsgruppa på SMS.

§13 Som organisasjonsstruktur skal Fagrådet svare til Styringsgruppa på SMS. Prosjektgruppa svarer til Fagrådet og Styringsgruppa.

§14 Leiarskap (leiar, nestleiar og sekretær) i Fagrådet utformar årleg ein kort rapport som oppsummerar aktiviteten i Fagrådet.

§15 Møter som skal behandle saker som går på struktur eller vedteker skal haldast på hausten. Forslag til vedtektsendring må vere sendt skriftlig til rådet minst fire veker før møtet. Endringar i vedtektene kan bare skje dersom 2/3 av dei frammøtte medlemmane stemmer for dette på møtet.

§16 Fagrådet kan bare oppløysast dersom 2/3 av dei frammøtte medlemmane stemmer for dette og dagsorden er kunngjort på førehand. I tilfelle spørsmål om oppløysning skal dette annonserast spesielt til alle driftseiningar, til Styringsgruppa og til Prosjektgruppa på Sunnfjord Medisinske Senter.

Vedteke 17.oktober 2016

Maria Torheim Bjelkarøy
Fagrådet SMS, leiar